

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Møre og Romsdal fylke



Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		MR 820/2007/	Sverre Hollen, 71 25 80 57	12.01.2007

Høyring - forslag til endringar i lov om fagskoleutdanning.

Møre og Romsdal fylke skal leggje fram sak til fylkesutvalet om høyringsfråsegn vedrørande endringar i fagskolelova. Saka er ikkje behandla enno. Fylkesdirektøren tilrår at fylkesutvalet vedtek følgjande fråsegn:

"

1. I framlegget til endringar i lova §3, blir Fylkestinget si rolle som skoleeigar sett til side. Forslaget om at også fylkeskommunale tilbydarar av fagskoleutdanning skal ha eige styre som øvste styringsorgan, må bli erstatta med:

"Når stat, fylkeskommune eller kommune er eigar av utdanningsinstitusjonene for fagskoleutdanning, er vedkomande forvaltningsnivå øvste ansvarlig, og kan selv organisere drifta slik ein finn det hensiktsmessig innafor dei rammene lova fastset."

2. Når lova opnar for at fleire fagskoleutdanningar enn i dag skal kunne få tilskott, t.d. fagskoleutdanning i helsefag, må dei statlege bevillingane til fagskoleutdanning aukast, og at det og blir ein statleg finansiering for andre godkjende fagskoleutdanningar enn dei tekniske fagskoletilboda. Samtidig må ein sørgje for at dei statlege tilskotta vert kompensert for løns- og prisvekst. "

Til fylkesutvalet har behandla saka vil dette vere høyringsfråsegna frå Møre og Romsdal fylke. Ein vil ettersende den endelege høyringsfråsegna frå fylkesutvalet i Møre og Romsdal dersom vedtaket vil få anna ordlyd.

Med helsing

Per Hoem
fylkesutdanningsdirektør

Sverre Hollen
ass.fylkesutdanningssjef